



Vest

Landbrukstenester SA

Årsmelding 2020

Styret

| | | | |
|------------------|--------------------------------|------------------|--------------------------|
| Leiar | Norunn Britt Rygg Seljeset | 6763 Hornindal | på val leiar/styremedlem |
| Nestleiar | Heidi Håheim | 6788 Olden | på val n.leiar |
| | Sonja Skåre Esperø | 6798 Hjelledalen | på val |
| | Salvatore Ligia | 6750 Stadlandet | på val |
| | Gunnar Øen | 6783 Stryn | |
| | Torhild Kleppe | 6783 Stryn | |
| Avløysar rep | Hans Petter Hånes | 6750 Stadlandet | |
| Varamedlemmer | 1. Arne Dalsbø | 6750 Stadlandet | på val |
| | 2. Ragnvald Bergset | 6795 Blaksæter | på val |
| | 3. Ola Einar Lillestøl | 6763 Hornindal | på val |
| Vara avløysarrep | Pål Ruben S. Tomasgard | 6763 Hornindal | |
| Verneombod | Joar Sunde | 6788 Olden | |
| | Tlf 57 87 71 86 | mob 958 18 150 | |
| Revisor | Firda Revisjon & Rådgivning AS | | på val |

Valnemnd

| | | | |
|-------|------------------------|-----------------|--------|
| Leiar | Linda Alsaker | 6788 Olden | på val |
| | Lars Andreas Tomasgård | 6763 Hornindal | |
| | Svein Per Ervik | 6750 Stadlandet | |
| Vara | Geir Dårflot | 6799 Oppstryn | på val |
| Vara | Einar Helge Tomasgard | 6763 Hornindal | på val |
| Vara | Åge Ervik | 6750 Stadlandet | på val |

I 2020 har laget 190 medlemmar (2019: 195 medlemmar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 142 medlemmar inkl 3 næringsdrivande.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 7 091 611. Av dette er kr 3 866 935 lønn til familie avløsning
- Sjukdomsavløsning kr 1 508 572
- Andre oppdrag kr 2 279 591
- Landbruksvikar kr 1 034 780

Vest Landbrukstenester
Panoramavegen 922*
6795 Blaksæter

tlf: 57 87 18 22
vaktlff: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172
For medlem: 3705 33 44705 + KID

*Post og Besøksadresse

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag



Avløyising

Vest Landbrukstenester(LT) driv med formidling av avløyssarar til medlemmane i Hornindal (del av Volda kommune), Selje (del av Stad kommune) og Stryn kommune. Vi formidlar avløyssarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom, i tillegg tar vi på oss lønsoppdrag for andre enn bønder. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som vi løner ut.

Vest LT har landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Laget har i 2020 fått tildelt 3,25 årsverk og får tilskot på kr 283 900 pr årsverk. Vi har to landbruksvikarar i 100% og ein i 50% stilling.

Vi har i 2020 to avløyssarringar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløyssarring med ein fast tilsett og Randabygda Avløyssarring med ein fast tilsett fram til juni. I begge er det 6 medlemmar. Hå ein bonde er det tilsett to som bytter på å avløyse. 1 avløyssar som er fast hå 2 medlemmar. I Hornindal har vi 2 avløyssarringar(h.h.v. 3 og 6 medlemmar) med ein tilsett i kvar av dei. Her er det ei nyttilsett frå september. Vi har også 2 avløyssarar som er fast hå eit medlem.

Utanom dette, har vi to som tar avløyising i sitt nærrområde.

Landbruksvikarordninga

I 2020 var det i Hornindal i Volda kommune og Stryn kommune desse landbruksvikarane; Pål Ruben Seljeset Tomasgard tilsett i 100% fast stilling, Leif Rand tilsett i 50% fast stilling. I Selje i Stad kommune var Hans Petter Hånes landbruksvikar i 100% fast stilling.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 100% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen Rand har rekneskapen til Vest Landbrukstenester i samarbeid med DL.

Styremøter

Styret har hatt 4 styremøte i 2020 der to vart avvikla som telefonmøte og teamsmøte. Mellom anna desse sakene er handsama i tillegg til vanlege styremøtesaker:

- Medlemskontingent
- Endra påslag
- VLT sine forsikringar
- Lokale lønsforhandlingar

Årsmøte

Årsmøtet vart halde som eit telefonmøte 2. april 2020, med til saman 15 personar.

Lokale lønsforhandlingar

26. november vart lokale lønsforhandlingar gjennomført. Frå arbeidsgjevarsida møtte Sonja S. Esperø og frå dei tilsette Hans Petter Hånes. DL Knut Sigurd Gald som sekretær/protokollfører.



Landbruksvikarkurs – avløysarkurs - administrasjon

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 13. gong i Sogndal., Frå Vest LT deltok LV Leif Rand, LV Hans Petter Hånes, samt ringavløysar Anna Othilie Hove og avløysar Åse Katrin Hogrenning. Frå Administrasjonen DL Knut Sigurd Gald.

Vårsamling Gardermoen

Samlinga vart avlyst p.g.a. Covid19.

Haustsamling Gardermoen

Den ordinære haustsamlinga vart avlyst p.g.a. Covid19. I staden vart det avvikla ei forenkla haustsamling som Teamsmøte. Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald på desse kursa: «HMS og hygienekurs» «Eigen pensjonskonto – Overgang frå KLP til DnB» «Next i Webtemp» «Tariff og oppfølging sjukefråvær»

Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Stad hotell (tidl. Furebuda) på Leikanger 8. oktober 2020. Det var 6 medlemar som var innom. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemane i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.

Førejuls møte

Torsdag 26. november vart styremøtet avvikla som Teamsmøte. P.g.a. Covid19, vart det ikkje møte med landbruksvikarane og avløysarane. Servering av jule tallerken og det å møtest ansikt til ansikt vart sakna. Vi håpar på betre tider i løpet av 2021 og at vi igjen kan få møtast fysisk.

Investeringar

- I 2020 er ny kopi/skanner kjøpt inn.

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. I tillegg har vi frå 1.1.2017 teke i bruk Webtemp i samband med løns- og rekneskapsprogrammet. Webtemp er eit nettbasert system med levering og godkjenning av timelistene elektronisk og for det enkelte medlem er medlemsopplysingane tilgjengeleg. I tillegg vert lønsslipp og faktura sendt elektronisk.

Heimesida

Heimesida vert levert av Netsense og vert administrert av DL.

Ulvedal 20. april 2021

Norunn B.R. Seljeset
Norunn Britt Rygg Seljeset
- Styreleiar -

